



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Dalsfjorden, Volda Rådhus
Dato: 10.04.2018
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Lina Marie Bjørkedal	SP
Ester Kessebom Lien	Erlend Koppen	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 28/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 29/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 30/18	Søknad om dispensasjon frå kommuneplan, gbr. 3/1
PS 31/18	Gbr 149/4 - Søknad om deling av landbrukseigedom
PS 32/18	Orienteringssaker
OS 10/18	Status skiltplan for Volda sentrum
OS 11/18	Orientering om aktsemdsområde for jord- og flaumskred i Dalsfjorden
OS 7/18	Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse
OS 8/18	Framlegg til "Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027"
OS 9/18	Vedtak i klagesak - Stadfestar kommuna sitt vedtak - Gbr 92/1 - Bygging av reiskapshus

PS 28/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var åtte røysteføre ved møtestart.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Øyvind Festø frå MDG ber om at «Satus skiltplan for Volda sentrum» blir sett på saklista.

Sindre Kvangarsnes frå FRP ber om at «Orientering om aktsemdsområde for jord- og flaumskred i Dalsfjorden» blir sett på saklista.

Hans Peter Eidseflot frå SP ber om ei orientering vedrørande gatelys som Volda kommune har eit driftsansvar for, men som ikkje blir vedlikehaldt, til neste møte 15.05.18.



VOLDA KOMMUNE

Røysting:

Innkallinga og sakslista, med tillegg frå Festø og Kvangarsnes vart samrøystes godkjent.

PS 29/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar frå protokollen frå førre møte 06.03.18.

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte 06.03.18 vart samrøystes godkjent.

PS 30/18 Søknad om dispensasjon frå kommuneplan, gbr. 3/1

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommunedelplan for Lid-Kråkeneset for frådeling av bustadtomt på gnr. 3, bnr.1.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 10.04.2018:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommunedelplan for Lid-Kråkeneset for frådeling av bustadtomt på gnr. 3, bnr.1.

PS 31/18 Gbr 149/4 - Søknad om deling av landbrukseigedom

Administrasjonen si tilråding:

Det vert vist til søknad frå eigarane av gnr 149 bnr 4 og gnr 147 gnr 1, Marit Tjelle Drabløs og Steinar Drabløs, om frådeling av gnr 149 bnr 4, med eit areal på 48 daa.

Med heimel i jordlova §12 vert det gitt løyve til frådeling av gnr 149 bnr 4. Grunngevinga er at ei slik deling ikkje vil endre dagens driftssituasjon i vesentleg grad og i tillegg vere positivt for busetjinga i området.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 10.04.2018:

Det vert vist til søknad frå eigarane av gnr 149 bnr 4 og gnr 147 gnr 1, Marit Tjelle Drabløs og Steinar Drabløs, om frådeling av gnr 149 bnr 4, med eit areal på 48 daa.

Med heimel i jordlova §12 vert det gitt løyve til frådeling av gnr 149 bnr 4. Grunngevinga er at ei slik deling ikkje vil endre dagens driftssituasjon i vesentleg grad og i tillegg vere positivt for busetjinga i området.



PS 32/18 Orienteringssaker

OS 10/18 Staus skiltplan for Volda sentrum

Handsaming:

Øyvind Festø ba om status for skiltplan for Volda sentrum. Spørsmålet vil bli vidaresendt til Teknisk avdeling for oppfølging.

OS 11/18 Orientering om aktsemdsområde for jord- og flaumskred i Dalsfjorden

Handsaming:

Sindre Kvangarsnes bad om ei orientering om korleis administrasjonen er pålagt å handtere søknader om tiltak i soner som kjem inn under NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) sine aktsemdskart for jord- og flaumskred.

Administrasjonen ved Jørgen Vestgarden orienterte om at desse karta kom i 2014 og at for tiltak som ligg innafør eit aktsemdsområde for skred vil det vere krav til skredvurdering jamfør teknisk forskrift. NVE vil starte ei kartlegging av store delar av Volda kommune no i 2018 og endeleg rapport vil liggje føre i februar/mars 2019. Denne kartlegginga vil mest sannsynleg «friskmelde» ein del områder i Volda kommune.

OS 7/18 Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse

OS 8/18 Framlegg til "Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027"

Forvaltningsutvalet ved Øyvind Festø ber om ei orientering frå Teknisk avdeling om status og planar angående reinseanlegget på Vikeneset på neste møte 15.05.18.

OS 9/18 Vedtak i klagesak - Stadfestar kommuna sitt vedtak - Gbr 92/1 - Bygging av reiskapshus

Møte slutt kl. 14:10

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
11.04.18

Sunniva Utnes
Konsulent